

VEGDIREKTORATET

22. SEPTEMBER 1981
BIBLIOTEKET

VEG OG VIRKE




I MØRE OG ROMSDAL FYLKE

Nr. 4

SEPTEMBER 1981

9. årg.

BIBLIOTEKET
VEGDIREKTORATET



VEG OG VIRKE

I MØRE OG ROMSDAL FYLKE

Nr. 4

SEPTEMBER 1981

9. årg.

BEDRIFTSAVIS FOR VEGVESENET I MØRE OG ROMSDAL FYLKE

Redaksjonsutval:

Andor Wicken
Arne Johnsen
Terje Haug

Redaksjonsråd:

Ulf Myhre
Tore Hoëm
Ottar Brudeseeth
Per Dalsbø
Olaus Winther
Oddmund Gussiås

Redaksjonssekretær:

Terje Haug
Utgitt av Statens Vegvesen,
Vegkontoret Møre og Romsdal.

Redaksjonens adresse:

Fylkeshuset,
Julsundvegen 1 B, 6400 Molde

Sats og trykk:

Jan Betten & Sønn's Trykkeri, Tingvoll

Opplag: 1800

Medarbeidarar:

Katrine Bang
Martinus Bergsli
Ottar Brudeseeth
Paul Bølset
Torgeir Døssland
Magne Flemsæter
Kristian Furland
Per Bjørn Gjelsten
Terje Haug
Oddgeir Hoftun
Frank Malme
Ulf Myhre

Magne Mørkedal
Bjarne Rekdal
David Strømme
Arne Inge Torvik
Odd Terje Waldal
Oddvar Åfløydal

Innhald:

3 Fylkesvegane
5 Nye pensjonister
6 Trafikkulykker
9 Vi gratulerer
10 Endringar i veglova
14 Knusing Tafjord
16 Årets auksjon på vegsentralen
18 Lab-nytt
23 Forandringar i lønssystemene
24 IRF-kongress 1981
26 Ny knuseverksbåt
28 Håndbøker fra Vegdirektoratet
36 Kryssord
38 Gjennom skavl og fokk
40 Snøbrøyting på vegen over
Ørskogfjellet
44 Vegcupen 1981
48 Veteranklubben

FYLKESVEGANE

Før 1. januar 1964 var fylkesvegnettet i Møre og Romsdal relativt lite og uoversiktleg (ca. 600 km). Vegloven av 21. juni 1963 bar med seg ei omklassifisering, slik at frå 1. januar 1964 vart fylkesvegnettet 3-dobla (1849 km). Det skjedde då ei overføring i stort omfang frå kommunane til fylkeskommunen av smale grusvegar med dårleg kurvatur, svak beerevne og dårleg trafikksikring.

Bortsett frå til nokre få kapitalkrevjande nye fylkesvegsamband (nye ferjesamband og avløyning av båtruter og ferjesamband gjennom veg- og brubygging) har fylkeskommunen sine løyvingar på fylkesvegbudsjettet sidan 1964 gått til utbetring av det gamle dårlege vegnettet. Denne utbetringa har dels vore «flaskhalsutbetringar» med 50% kommunetilskott (t.d. ombygging av svake bruer og lokale trafikksikkerings-tiltak), dels rutevis opprusting for høgre akseltrykk og med fast dekke (med 33⅓ % kommunalt tilskott). Storparten av det gamle vegnettet har ein så dårleg teknisk standard at det er naudsynt med omlegging i ny trasé eller med ei fullstendig ombygging dersom vegen skal vere trafikkmessig tenleg og trygg for dagens ferdsløse og transport. Til slike anlegg vert det til vanleg kravd 25% kommunetilskott.

Pr. 1. januar 1981 hadde 1910 km status som fylkesveg i Møre og

Romsdal. 1070 km, eller 56%, av fylkesveglennga var framleis grusveg og på 116 km (6,1%) var største tillatte akseltrykk 6 tonn. Medan folk før var nøgd med å ha ein veg å fare etter, melder spørsmål seg no meir om trafikksikkering. Der kjem rasstrygging, rekkverksoppsetjing, kryssutbygging, betre avkøyrsløse, gang- og sykkelvegar meir og meir inn som behov og krav.

På grunn av den økonomiske situasjonen for fylkeskommunen er anleggsbudsjettet for fylkesvegane blitt sterkt nedskore dei siste åra. For perioden 1982-85 har fylkeskommunen gitt ei årleg investeringsramme på netto 15 millionar 1982-kroner. Vegsjefen har i juli lagt fram ein langtidsplan for fylkesvegar for prioritetsperioden 1982-85 innafor ei slik budsjettavgrensing. Bortsett frå eit beløp til «punktvis utbetringar» og eit lite beløp til «rutevis opprusting med dekkelegging» rår vegsjefen til at storparten av investeringsane blir lagt til eit fåtal fylkesvegruter med dårleg standard og stort transportbehov — og som tener gjennomgangstrafikk.


Her blir det tilrådd ei mest mogleg effektiv konsentrert drift — og slik at investert kapital skal komme til full nytte snarast råd for flest moglege trafikantar og flest moglege transportbehov.

Når dei økonomiske rammene no blir mykje trongare, blir det naturleg nok stilt strenge krav til både administrativ og politisk styremakt om rett og varsam forvaltning av dei midlar som blir stilt til rådvelde. Dette gjer seg gjeldande for val av standard, arbeidsopplegg, driftsmå-

te og ikkje minst i byting av løyvingar innafor dei mange behov i fylkesvegnettet. Det gjeld å få sett pengemidlane inn på rett plass, og at dei der blir godt utnytta.

Arne Inge Torvik

Syklister skal ta stor sving til venstre



Syklister, som skal svinge til venstre i veikryss, skal fortsette til høyre på veien over krysset. Først når krysset er passert skal det svinges til venstre for å fortsette til høyre på den kjørebanelen det svinges inn på. Før venstresvingen foretas må syklisten forvise seg om at dette kan skje uten hinder for annan trafikk. Er det flere felt og det høyre feltet er forbeholdt trafikk som skal svinge til høyre, kan syklisten kjøre til høyre i det av de andre kjørefeltene som ligger til høyre.

Den store venstresvingen skal gjennomføres også i såkalte T-kryss. Venstresvingeregelen gjer at syklisten unngår den utsatte plasseringen midt ute i krysset med vikeplikt

Illustrasjonen: Tegningen viser hvordan en syklist skal svinge til venstre i et kryss.

for kjøretøyer fra høyre og forfra samtidig. I kompliserte kryss med mange kjørefelt og oppmerking som kan være vanskelig å forstå, anbefaler Trygg Trafikk at syklisten går av sykkelen og benytter seg av kryssingsanleggene som er anlagt for fotgjengere.



**Vernearbeid
gir resultater!**

Nye pensjonister



Vegtjenestemenn fra Romsdal hadde fredag 3. juli en tilstelning på kantina på vegsentralen. Fire av de fremmøtte går nå over i pensjonistenes rekker. Det er fra venstre Nils Fransgjerde, Hovdenakken (18 år), Ivar Sandnes, Eidsvåg (23 år), Ingar Hoem, Nauste (25 år) og Gunnar Neraas, Nauste (18 år).

Representanter fra vegkontoret overrakte en avskjedsgave og en diplom til hver av de fire og takket dem for lang og tro tjeneste i statens arbeidsdrift.

I Mørke- tiden

Se og bli sett

Bruk refleks



MØRE OG ROMSDAL
 VEGTRAFIKKULYKKER TIL OG MED 2. KV. 1981
 SAMANLIKNA MED SAME TIDSPUNKT 1980
 VEGKONTORET, MOLDE 12. AUGUST 1981

FYLKESOVERSIKT
 Ark. 853
 OMH/IHA

	Kommuneveg		Fylkesveg		Riksveg		Sum alle vegar	
	T.o.m. 2. kv. 1980	T.o.m. 2. kv. 1981	T.o.m. 2. kv. 1980	T.o.m. 2. kv. 1981	T.o.m. 2. kv. 1980	T.o.m. 2. kv. 1981	T.o.m. 2. kv. 1980	T.o.m. 2. kv. 1981
Registrerte trafikkulykker	48	66	49	50	149	121	246	237
Andel mjuke trafikantar	16	27	15	14	32	25	63	66
Andel mjuke trafikantar delt på								
Fotgjengarar	11	16	13	11	23	16	47	43
Syklistar	4	9	2	3	9	7	15	19
Kjelke/Spark/Ski o.l.	1	2	0	0	0	2	1	4
Registrerte trafikkulykker delt etter skadegrad:								
Dødsulykke	1	3	3	1	5	2	9	6
(Antall døde)	(1)	(3)	(3)	(1)	(7)	(2)	(11)	(6)
Svært alvorleg skadd	0	0	2	3	3	2	5	5
Alvorleg skadd	1	7	4	9	26	20	31	36
Lettare skadd	33	42	33	26	85	75	151	143
Berre materiell skade	13	14	7	11	30	22	50	47

Trafikkulykker i Møre og Romsdal 1. halvår 1981

Vi har no fått utarbeidd eit samla oversyn over politiregistrerte trafikkulykker i fylket for første halvår 1981. Det viser at vi også no kan registrere ei viss betring i ulykkestalet i høve til samme tidsperioden året før. Nedgangen er ikkje særleg stor, 3-4 % rekna for vegnettet i fylket samla.

Det er likevel merkverdig stor skilnad i utvikling på dei ulike vegtypane. Den svært gledelege utviklinga dei seinare åra vi har hatt på **riksvegnettet** ser ut til å halde fram også i 1981. Ein reduksjon på 18-19 % kan registrerast i forhold til året før.

Vi bør kunne trekke den slutninga av dette at den medvitne satsinga på trafikktryggingstiltak i riksvegnettet i fylket har god verknad og ber frukter.

På **fylkesvegane** ligg ulykkestalet på same nivå som siste åra. Det kan her bli interessant å sjå om ulykkestalet vert påverka av at fartsgrensene på fylkesvegane vil bli redusert ein god del i tida som kjem.

På **kommunevegane** gir ulykkestalet første halvår grunn til å slå alarm. Ulykkestalet her er no oppe på same nivå som for 3-4 år sidan, dvs. ein auke første halvår på 38 % i



forhold til året før. Her slår talet på ulykker med mjuke trafikantar sterkt ut ettersom talet her har auka frå 16 til 27.

Med bakgrunn i desse tala for ulykker på kommunevegar, — i praksis oftast bustadvegar, vil vi hevde at kommunane spesielt i Møre og Romsdal er alt for tilbakehaldande med å nytte **fysiske tiltak** i vegbanen for å regulere trafikken. Dette kan vere humpar og innsnevringar,

men også andre fysiske tiltak kan vere aktuelle. Diverre ser det også ut til å vere svært lite planlegging i gang for å legge til rette for slike effektive trafiktryggingstiltak. Ein kan undre seg om det er planleggarane eller om det er politikarane i kommunane som er så redde for å prøve noko nytt? — Vel og merke noko nytt som vi veit er effektivt i kampen mot trafikkulykker!

Magne Flemsæter.



Nytt om løfteredskap



Det er nå anskaffet kumringløftere (bildet) og 2000 kg's rørkroker. Disse er til utlån på alle distriktslagre-

ne opplyser maskininstruktør Ottar Brudeseth.



Sykling på fortau på fotgjengernes premisser

Det er tillatt å sykle på fortau, gangbane eller gågate så lenge det ikke er til ulempe eller fare for de gående. Dersom en har fortauet for seg selv går det an å sykle nokså raskt. Møter en fotgjenger må farten ned til gangfart. En må være forberedt på å «kjøre rundt» der noen står og prater, eventuelt stanse, gå over til å

leie sykkelen eller kanskje kjøre ut i kjørebane igjen — dersom hensynet til fotgjengerne krever det.

Det er ikke mulig å gi egne regler for møte, kryssing o.s.v. med andre syklistene på fortau. Dette må også skje slik at det ikke volder fare eller ulempe for fotgjengerne.



Vi gratulerer

følgende som i 4. kvartal 1981 passerer åremålsdager:

60 år:

Gunnar P. Gjelsten,
Lars Stette,
Kolbjørn Haaheim,
Aslaug Irene Frilund,

6394 Fiksdal
6264 Tennfjord
6240 Sjøholt
6350 Eidsbygda

3. november
9. november
30. november
29. desember

50 år:

Johan Sivert Bævre,
Arnold Ellingsgård,

6660 Bøverfjord
6452 Røbekk

1. desember
23. desember

ENDRINGAR I VEGLOVA

Det vart i mai i år gjort endringar i føresegnene i veglova om byggjeforbod i planlagt vegline, avkjørsler frå offentleg veg og eigedomsinngrep (oreigning) vedkommande offentleg veg. Endringane gjeld §§ 38, 39 (oppheva), 40, 41 tredje ledd og § 50, og vert sett i verk 1. oktober 1981.

Den nye lovteksta er fylgjande:

§ 38

Når plan for offentlig veg er endeleg vedtatt, kan grunn som ligg innafor byggegrenser som er fastsette i eller med heimel i § 29, ikkje byggast på eller nyttast på ein måte som vil kome i strid med lova her.

Når arbeid med ein plan for offentlig veg er kome så langt at veglina kan visast i marka, kan vegstyremakta vedta at grunn som ligg innafor byggegrenser som er fastsette i eller med heimel i § 29, ikkje må byggast på eller nyttast på ein måte som vil kome i strid med lova her.

Før det blir tatt avgjerd etter andre ledd for riksveg eller fylkesveg, skal vedkommande kommunestyre få høve til å uttale seg.

Er veglina ikkje endeleg vedtatt seinast 2 år etter at det er lagt ned forbod, fell forbodet bort. Vegstyremakta kan lenge fristen, men ikkje for meir enn 1 år om gongen.

§ 39 blir oppheva.

§ 40

Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan etter bygningslova eller plan etter § 12 i veglova.

Ligg det ikkje føre nokon plan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle, må avkjørsla frå riskveg eller fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå vegsjefen, og avkjørsle, må avkjørsla frå riksveg byggast eller nyttast utan løyve frå formannskapet. Fylkesutvalet er klageinstans i avkjørslesaker for riksvegar etter dette ledd og § 41 første ledd.

Vegsjefen kan krevje at avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg skal byggast etter ein plan han godkjenner. Formannskapet kan krevje at avkjørsle frå kommunal veg skal byggast etter ein plan det godkjenner.

§ 41, tredje ledd:

Utgifter til flytting eller endring av lovleg avkjørsle kan det krevjast vederlag for så langt det er rimeleg. Likeeins kan det, i samband med flytting av avkjørsle, krevjast vederlag for rimelege utgifter til flytting, endring eller lenging av privat veg fram til avkjørsla. Dersom vegstyremakta i rimeleg mon bygger eller let bygge ny avkjørsle eller avkjørsleveg, eller betalar tilsvarende kostnader, kan det ikkje krevjast veder-

lag utover dette. Det skal takast omsyn til verdauke som den nye avkjørsle eller vegen tilfører eigedomen. Dette skjer ved frådrag i vederlaget eller ved refusjon frå eigaren dersom avkjørsle eller vegen alt er bygd.

§ 50

Mot vederlag etter skjønn til den det råkar, kan eigedomsinngrep settast i verk etter vedtak av vegstyremakta så langt ho finn at det trengs til bygging, utbetring, vedlikehald og drift av riksveg, fylkesveg eller kommunal veg. Slikt eigedomsinngrep kan òg gjelde grunn og rettar til bate for tredjemann så langt det trengs for vegen eller ferdsla på vegen eller for å skaffe tredjemann tilgjenge til offentlig veg.

Til bate for ein som lyt tola eigedomsinngrep etter første leden, kan vegstyremakta gjere vedtak om at det skal gjerast eigedomsinngrep hjå ein annan eigar eller rettshavar, så framt skaden og ulempene då alt i alt vert monaleg mindre.

I vedtak om eigedomsinngrep kan vegstyresmakta heilt eiler delvis overlata til skjønnet å ta avgjerd om kva inngrepet skal gå ut på eller kva omfang det skal ha. Skjønnet kan då òg gjere vedtak etter andre leden i paragrafen her. Skjønnet kan fastsette at det ved eigedomsinngrep etter denne paragrafen skal ytast grunn som vederlag for grunn og rettar som blir avstått.


Kongen kan gi føresegner om saksførehavinga etter paragrafen her.

Etter den endringa som er gjort i § 38 vert det automatisk forbod mot å setje opp byggverk etc. innafor byggegrensene for planlagt veg straks planen for vegen er endeleg vedtatt. Dersom det kan vere grunn til å gjere forbodet gjeldande frå eit tidlegare tidspunkt, kan vegstyremakta gjere særskilt vedtak om dette så snart planarbeidet er kome så langt at veglina kan visast i marka.

Veglova i § 39 om avkjørselsplanar for riks- og fylkesvegstrekingar er oppheva. Det har nok i praksis vist seg at denne planlegginga best kan gjerast som ledd i ein reguleringsplan etter bygningslova eller ein vegplan etter veglova §12. Veglova § 40 er endra i samsvar med dette, jfr. også planføresegnene av 7. oktober 1980 til veglova §12.

Hittil har det vore Vegdirektoratet som har avgjort klager over dei vedtaka vegsjefen gjer i avkjørselssaker for riksveg. Det er no fastsett i veglova § 40 at fylkesutvalet heretter skal avgjere desse klagesakene. (I praksis vert det nok lagt til eit underutval/ei nemnd å avgjere klagesakene). Dette er eit unntak frå det som elles gjeld om at Vegdirektoratet er klageinstans for riksveg-saker og fylkesutvalet for fylkesveg-saker. Avkjørselssakene er sett i ei særstilling avdi det er meint at lokale vurderingar kjem meir inn i biletet når slike saker skal avgjerast.

Endringa av veglova § 41, tredje ledd inneber at vegstyremakta får større plikt til å yte vederlag når det vert gitt påbod om at **lovleg** avkjørsle frå



offentleg veg skal flyttast eller endrast. Grunneigaren vil nå kunne få krav på rimeleg vederlag ikkje berre for kostnadene ved flyttinga av sjølv avkjørsla, d.v.s. tilknyttinga mellom den offentlege vegen og den private tilkomstvegen, men også for kostnadene ved å leggje om privatvegen dersom avkjørselsendringa gjer det naudsynt. Fører tiltaket til verdauke for eigedomen, skal det gjerast frådrag eller betalast refusjon for dette.

Veglova § 50 gir vegstyremakta rett til å setje i verk eigedomsinngrep (oreigning) for bygging, drift etc. av offentlig veg. Det har vore reist tvil om i kva mon § 50 har gitt vegvesenet rett til å oreigne for å skaffe ein grunneigar rett til å få ha avkjørsle, vassleidning etc. på framand eigedom, når det av omsyn til den offentlege vegen er naudsynt å leggje private avkjørselsvegar, vassleidningar etc. på framand grunn. Lovendringa er meint å avklare dette, og det er til dømes no på det reine at vegvesenet kan oreigne rett for ein grunneigar til å ha avkjørselsveg over annan manns eigedom når påbod om flytting av avkjørsle frå offentlig veg gjer dette naudsynt. Vegvesenet treng soleis ikkje å vise grunneigaren til sjøl å reise oreigningssak etter veglova § 53 i slike tilfelle.

I § 50, annet ledd, er det tatt inn ei ny føresegn om sekundær oreigning. Dette gjeld oreigning som ikkje er naudsynt for å få gjennomført sjølv vegplanen, men som kan gjerast for å redusere dei totale skade-

ne og ulempene som oreigninga til den offentlege vegen fører med seg. Sekundær oreigning har hittil vore gjennomført med heimeleg i oreigningslova § 6, men det har vist seg å vere ynskjeleg å få særskilde føresegner i veglova om høve for vegstyremakta til å gjere vedtak om dette.

I veglova § 50, tredje ledd, er det tatt inn ein ny regel om at det kan ytast grunn som vederlag for grunn og rettar som vert oreigna. Føremålet med denne regelen er å kunne få gjennomført makeskifte eller omarronding som kan redusere eller eliminere ulempene ved at vegen skjærer over eigedomar. Det vert no mogleg å få gjennomført ei samling av eigedomanes areale på same side av vegen, dersom dette er ei rimeleg løysing på problema ved at eigedomane vert delt av vegen. Også den tidlegare veglova av 1912 hadde ein tilsvarende regel (§ 22, fjerde ledd).

Oddgeir Hoftun



REISEREGNINGSNYTT

Reiseregninger skal nå deles opp i:

- reiser innen fylket
- reiser utenom fylket
- reiser til kurs i fylket
- reiser til kurs utenom fylket
- reiser til sentrale kurs

Reisebudsjettet er nå delt opp, slik at kostnaden belastes ulike poster, alt etter reisemålet.



5. Ferieveke for arbeidstakarar over 60 år. Oppdeling av ferieveka

I melding frå Personaldirektoratet om oppdeling av 5. ferieveke står mellom anna:

«Etter § 4, 3. ledd i Ferieloven bestemmer arbeidstakaren sjølv når ekstraferien skal takast. Den kan òg delast opp i inntil 6 enkeltdagar dersom det er ynskjeleg, og ikkje anna er bestemt.»

Dette er slik å forstå at oppdelingen av ferieveka gir rett til 6 feriedagar. Hvis ein arbeidstakar derimot tar heile veka i eitt, blir laurdagen rekna som 6. dagen i ferieveka.

Hvis du splitter opp ekstraferien og på den måten får fri seks virkedager, må du trekkes i lønn for en virkedag.

Elles er bestemmelsen at arbeidsgjevaren skal ha melding minst 2 veker på førehand når ekstraferien skal avviklast.

For at det ikkje skal vere nokon tvil, understrekar vi at slik oppdeling berre gjeld for arbeidstakarar over 60 år — og berre for den ekstra ferieveka (5. ferieveke).

KB

VI FÅR

NY

VEGSJEF

Vegsjefen vår, Arne Inge Torvik, har sagt opp sin stilling og slutter i første delen av 1982.

Ved utløpet av søknadsfristen hadde det meldt seg 8 søkere:

Overingeniør Paul Bølset
Møre og Romsdal vegkontor

Teknisk sjef Endre Hoflandsdal
Arendal kommune

Overingeniør Kjell Levik
Vegdirektoratet

Overingeniør Anders S. Moen
Møre og Romsdal vegkontor

Biltilsynssjef Per Rasmussen
Oppland vegkontor

Driftssjef Bjørn Stensli
Troms vegkontor

Biltilsynssjef Einar Viken
Sør-Trøndelag vegkontor

Driftssjef Eivind Vollset
Møre og Romsdal vegkontor

Ordet fritt

Knusing Tafjord

Vi startet riggingen av knuseverket like før jul og produksjonen kom i gang 15. januar. Massen som ble benyttet var tunnelmasse som Høyer — Ellefsen tippet ved knuseverket. Til matingen av verket ble det benyttet en Cat 966 (egen) som lastet direkte i mater. En Moxy dumper (egen) kjørte pukk fra verket på lager.


Bemanningen var Jan Folland, Per Bjørn Gjelsten og Jon Vulvik. Etter at Jon Vulvik flyttet til Isfjordskorpen ved påsketider, overtok Dagfinn

Grønningseter. Innkvartering var på «Messa» til Tafjord Kraftselskap.

Opprinnelig plan var å produsere 30.000 m³ pukk, men denne ble senere forandret til ca 36.000 m³.

Fram til ferien hadde vi i ca 32.400 m³ pukk, ca 40% 20/60 og ca 60% 60/120. I tillegg til dette kommer ca 15.000 m³ 0/20. Totalt 47.400 m³. Når vi ser bort fra oppriggingen har vi hatt 118 arbeidsdager. Stoptimer omregnet til hele dager blir 26 d. Effektiv produksjonstid blir da 92 d.





Jan Folland (t.v.) og Dagfinn Grønningseter foran knuseverket i Muldalsvika.

Total produksjon pr. driftsdag: $47.400 \text{ m}^3 : 92 = 515 \text{ m}^3$. Dette resultatet kunne ha vært vesentlig bedre dersom det hadde blitt benyttet samme mater som var på Åndalsnes (Øran). Dette er en vibrasjonsmater med rister som fungerer som forsikt slik at finstoffet går utenom knuser. Fordi massen var svært godt sprengt og inneholdt mye «subb», ville denne materen utvilsomt hatt sin berettigelse.

Hvorfor blir ikke fraksjonen 0/20 bedre utnyttet?

Hva med å ta ut fraksjonen som benyttes ved penetrering?

Per Bjørn Gjelsten

Svar til Gjelsten

0 - 20 fraksjonen av tunnelmasse eller anna sprengt masse har begrensa bruksområde i vegutbygging. Den er telefarleg, er ofte flisig og svak for ytterleg nedknusing, og kan derfor ikkje brukast i overbygginga, eller til vedlikehaldsgrus. Å sikte ut avstrøingssingel til penetrering er ein kostbar prosess for eit begrensa kvantum, og når steinkvaliteten eller steinforma heller ikkje er den beste, fell dette ekstra dyrt.

Det er no på markedet ein ny type knusar, ein såkalla slagknusar, som er særskilt godt egna til å knuse fjell. Denne skal gi betre kubiske materialar og mindre finstoff. Kanskje dette vil gi løysinga som gjer at vi kan nytte desse massane betre.

Magne Mørkedal

ÅRETS AUKSJON PÅ VEGSENTRALEN

Laurdag den 20. juni vart det halde stor auksjon over brukte maskiner og utstyr på vegsentralen på Årø.

Tidlegare år er brukte maskiner og utstyr solgt ved at dei interesserte har gitt skriftleg tilbod på dei maskiner og utstyr som dei var interesserte i.

Da denne metoden har virka svært tidkrevande og upraktisk, ville ein i år prøve med vanleg auksjon. Dette vart lyst ut i fylkets aviser to gonger. Det vart vidare høve til å sjå det som skulle seljast 2-3 dagar før auksjonen.

Det vart og sett opp ei liste over alt utstyret der alder, type, korleis maskina eller utstyret var i stand og en-

deleg ein minstepris der auksjonarius starta utbydinga.

Det vart gjort kjend at alt salg gjekk berre mot kontant betaling eller sjekk.



Mykje folk var møtt fram (sjå bilparken på biletet) og salget gjekk kvikt unna.

Offentleg godkjend auksjonarius, som i dette høve var Lorentz Tjelle svinga klubba med fynd og klem. Etter 3 timar var alt solgt og stort sett betalt kontant.

Denne erfaring synte at det blir nok auksjon på vegsentralen også neste år.

Oddvar Åfløydal





LAB- NYTT



Pioner-prosjekt på Åndalsnes (framhald frå førre nummer)

I første delen av denne artikkelen gav eg først ein kort presentasjon av anlegget og tok deretter for meg dei kontroll- og sikringstiltaka som hadde innverknad på sjølve anleggsdrifta.

I den andre delen av artikkelen skal vi no sjå på ein del langtidseffektar som blir registrerte utan at resultatata har nokon direkte konsekvens for anleggsarbeidet.

PROMLEMSTILLING 4:

Langtidseffektar

Desse problemstillingane gjer det også nødvendig med målingar og observasjonar, men her har ikkje måleresultatata nokon konsekvens for anleggsdrifta. Det er likevel viktig å sanke mest mogleg opplysningar for å vinne røynsle og for å samanlikne dei faktiske måleresultatata med dei verdiane som på førehand er utrekna ved hjelp av teoretiske analyser. På denne måten er det mogleg å justere dei teoretiske analysemetodane og gjere dei meir pålitelege i framtida.

4.1 Setningar

Her kan vi skilje mellom setningar i

grunnen under fyllinga og setningar i sjølve fyllmassen (eigensetningar). Summen av desse gir den totale setninga på toppen av fyllinga.

Setningane i grunnen har nøye samanheng med tidsforlaupet og storleiken av det før omtalte overtrykket i porevatnet. Det er difor nødvendig å måle begge deler i lang tid framover, truleg i fleire år.

Setningane i senterlina blir målt ved eit system som er vist på fig. 5. Det er lagt ei stor stålplate på det underste sandlaget. Midtpunktet av plata blei nivillert rett etter monteringa. Etter at fyllinga var ferdig utlagt er det bora ned til plata med sonderbor med kjend lengd. Ved å nivillere toppen av borstonga får vi eit mål på setningane i grunnen under fyllinga. Ut-

SETNINGSMÅLING





Fig. 5

anpå borstonga er det tredd ei lita stålplate med hol i og med rør, skøytemuffer og lok for tilpassing til overbygning osv. Ved å nivillere denne plata som altså ligg på toppen av

fyllinga, får vi eit mål på totalsetningane, og differansen mellom totalsetning og setning i grunnen gir oss eigensetningane i fyllmassen.




Fig. 6

Figur 6 viser utviklinga av setningane medan fyllinga blei utlagt og i tida etterpå, fram til slutten av juni -81. Setningane vil normalt vere størst under midten av fyllinga. Dei teoretiske analysene indikerer at vi får setningar over heile fyllingsbreidda og vidare ut til sides for fyllinga. Det er difor av interesse å måle korleis setningane varierer i tverrprofilen. Slike målingar blir utført med spesialutstyr frå Vegdirektoratet. Medan fyllinga var under utlegging blei det lagt 50 mm plastrør på tvers av fyllinga i to ulike djupner. Fleire punkt

langs røra blei nivillerte rett etter monteringa. Etter ei tid skal det gjerast målingar med ein «torpedo» som blir ført gjennom røret. Inne i torpedoen sit ein svært grannsam trykkmålar og frå torpedoen og ut til enden av slangen går ein tynn, væskefylt slange. Ved at enden på denne væskefylte slangen blir halden i ro i same høgd heile tida, kan ein måle korleis væsketrykket inne i torpedoen varierer etter som torpedoen blir dregen gjennom røret. Denne trykkvariasjonen gir eit bilete av korleis høgdenivået varierer

langs røret. Eit referansepunkt ved enden av røret blir nivillert og ein kan dermed få eit mål for setningane langs heile røret.

Plassering av målerør og eit overdri-ve bilete av den setningsutviklinga vi ventar er vist i tverrprofil på fig 5.

4.2 Spreiing

Som nemnt i avsnitt 1.2 varierer på-kjenningane i fyllinga med djupna. I dei underste laga er vertikaltrykket stort. Dessutan opptre det eit hori-sontalt trykk som vil ha ein tendens til å presse massane utover til beg-gje sider. Desse påkjenningane kan føre til formendingar i fyllinga som vist i prinsippsskissa på fig 7.

For å måle eventuelle tendensar til spreiiing i dei underste laga av fyllin-ga er det tredd firkanta plater med



påsette stavmagnetar utanpå dei omtalte 50 mm plastrøra, fire plater på kvart rør. Platene står såleis ver-tikalt i fyllmassen og kan gli noko-lunde friksjonsfritt langs utsida av plastrøret. Vi reknar difor med at platene vil følgje rørsleane til fyll-massen.

Biletet viser eitt av røra med mag-netplater under monteringa.

Rørslene til platene kan målast med ein torpedo som er instrumentert med ein magnetfeltindikator som sender elektriske impulsar ut til eit amperemeter når torpedoen passerer ei magnetplate. Med målebånd fe-sta til torpedoen kan vi finne avstan-den frå referansepunktet ved enden av røret og inn til dei ulike platene. Ved å gjenta desse målingane med jamne mellomrom kan vi få greie på om og eventuelt kor fort fyllmassa-ne sig utover i botnen av fyllinga. Desse observasjonane blir så brukt som støtte for vurdering av langtid-stabiliteten av fyllinga.

Sluttmerknad

Om ein ser bort frå alle måleresulta-ta og all kontrollinnsats, så har det-te opplegget likevel hatt ein viktig og positiv verknad, nemleg den at det på førehand har vorte diskutert eit detaljert driftsopplegg for dei einskilde elemnta på anlegget, og at dette opplegget har blitt fylgt.

Anlegget er på visse måtar ikkje re-presentativt for tilhøva i vårt fylke, og det blir gjort mange spesialmå-lingar som ikkje kan gå inn i eit ruti-nemessig opplegg. Likevel trur vi at

SPREIINGSMÅLING




Fig.7

dei røynslene som blir vunne ved dette prosjektet skal føre til auka kompetanse på laboratoriesida og til

større interesse for kvalitetsoppfølging på anleggssida.

Torgeir Døssland

FORANDRINGER I LØNSSYSTEMENE

Vi er i gang med en omlegging av lønssystemene vi i dag har i vegvesenet. Målet med endringene denne gangen er å samle de to systemene vi har nå, ett for tjenestemenn i driften og ett for funksjonærene ved vegkontoret og biltilsynet/oppsynstjenesten, til et felles utlønningssystem. Dette skal gjennomføres fra 1. januar 1982. For lønnstakerne i vegarbeidsdriften vil imidlertid endringene bli gjort gjeldende alt fra rapporteringsmåned 09/81, utbetaling av månedslønnen for oktober.

Det vil ikke bli så store forandringer i forhold til det vi kjenner i dag. Arbeiderrapportene skal beholdes som nå, mens vi vil få endringer i lønns/ trekkartkodene og nye lønns-tilleggsrapporter. Det vil også bli tatt i bruk et nytt skjema for tjenestereiser som skal erstatte den reiseregningen vi har hatt. Disse nye reiseregningene skal brukes både for funksjonærer/oppsynsmenn og for driften.

Arbeidernummeret for den enkelte lønnstaker skal heretter være femsifret, for arbeidstakerne i driften gjennomføres dette ved at det føyes til en 0 foran det arbeidernummeret en har hatt tidligere.

Det vil bli laget nye lønnskort i A4-format som inneholder noen flere opplysninger enn de gamle. Samtidig er opplysningene i større grad gitt i klartekst slik at kortene vil være mer oversiktelig for den enkelte. Når disse kortene blir sendt ut vil vi sette pris på at flest mulig går igjen-

nom lønnskortet sitt og sier fra til kontoret hvis de mener kortet inneholder gale eller ufullstendige opplysninger.

Selve lønnsoppgavene blir fra oktober sendt ut i datapostkonvolutt, det vil si på samme måte som lønns- og trekkoppgavene har vært utsendt de siste årene. Oppgaven inneholder også enkelte nye opplysninger bl.a. om skattetrekk, lønnstrinn og opptjente overtidstimer fra 1. januar. På lønnsoppgaven blir det heretter bare skrevet ut en linje for hver lønnsart når satsen er lik, tekststrubrikken er også utvidet så vi slipper i hvert fall noen av de uforståelige forkortelsene vi hittil har hatt.

I tillegg til det regnskapsseksjonen ønsker å oppnå, å få et felles lønnsystem for vegvesenet, håper vi også at endringene fører til at det blir lettere å finne ut av hva den enkelte lønnsutbetaling inneholder.

Regnskapsseksjonen



**Med bøyd knær
og ryggen rak
vil løfting bli
en enkel sak!**

1981 00 114188

IRF - KONGRESS 1981

IRF (Internasjonal Road Federation) holdt sin 9. kongress i Stockholm 1.-5. juni i år. Blant ca. 2500 deltagere fra mange kanter av verden var også undertegnede. Norge var for øvrig bredt representert med deltagere fra samtlige vegkontor, flere fra Vegdirektoratet samt fra undervisning og forskning, konsulent-, entreprenør- og salgsvirksomhet.

Kongressen som hadde motto «Roads into the future», ble holdt i et permanent messe- og utstillingsetablisement, Mässan, noe utenfor sentrum. Arrangementet var som ventelig kunne være utmerket. Første dag var rimeligvis preget av åpning med åpningsseremoni om formiddagen og en såkalt «General session» om ettermiddagen. Åpningsseremonien var en blanding av taler, hilser og kunstnerisk underholdning, dessuten var det utdeling av pris til «Man of the Year». Prisen, som ble utdelt av kong Carl 16. Gustav, gikk til en for meg ukjent arabisk sjeik Mansouri. Om aftenen holdt den svenske regjering en mottagelse der champagnemengden gjorde størst inntrykk.

Resten av kongressen hadde et fullspekket program. Mer og mindre parallelt var det to foredragsserier, filmer (i alt 51) og såkalte work-shops om spesielle evner. Under hele kongressen ble det avholdt en stor utstilling, dels som ren salgsutstilling

der en rekke firmaer viste siste nytt innen ulike felter, dessuten var det nasjonale stands der en rekke land viste fram faglige særegenheter med antatt generell interesse. Dekorativt blikkfang på den norske stand var et flott flyfoto over Norangfjorden med rv. 655 Øye-Urke og rasoverbygg.

Det ble også arrangert en rekke ekskursjoner, noen som del av det faglige program, andre mere i form av sightseeing. Som avslutning på kongressen holdt Stockholm kommune et garden-party i Stadshuset.

Kongressens offisielle språk var engelsk, tysk, fransk og spansk med simultanoversettelse slik at samtlige foredrag kunne høres på et av disse språkene. De fleste foredrag ble heldigvis holdt på engelsk hvilket for meg nok var det beste i mangel av nordiske språk. Samtlige foredrag er dessuten samlet i bokform etter tema (på alle de 4 nevnte språk) og utdelt til alle deltagere. Det er således utmerket anledning til ytterligere selvstudium.

Med så mye som foregikk samtidig var det selvsagt fysisk umulig for en enkelt å få med seg alt. Dersom vårt kontor skulle hatt «full dekning» burde vi vært 3-4 stykker til stede. Med et så rikt utvalg av tilbud er det også vanskelig å velge det mest hensiktsmessige til enhver tid. Jeg

forsøkte imidlertid å finne en slags rød tråd å følge. Antagelig bør en ha øvelse som deltager i slike kongresser for å få maksimalt utbytte.

En skulle kanskje tro at kongressens motto «Roads into the future» skulle gi grunnlag for store visjoner og tanker om framtida. Personlig greidde jeg ikke å registrere så mye av det. Et generelt inntrykk var heller at stagnasjon og reduksjon i bevilgninger til vegformål ikke er noe særnorsk fenomen. Utbedring, vedlikehold og bruk av eksisterende vegger, herunder også hensyn tatt til sikkerhet og miljø, vil være sentrale spørsmål i svært mange land i resten av dette århundret, kanskje særlig i den industrialiserte del av verden.

Det kan sikkert reises spørsmål om hvorvidt verdien av en slik kongress står i rimelig forhold til de store kostnader så vel til selve arrange-

mentet som til deltagerens reise og opphold og fravær fra mere produktivt arbeid. Med et slikt vell av inntrykk som en blir stilt overfor kan lett de mest matnyttige informasjoner drukne i mengden. Jeg kan således ikke love at min deltagelse blir til umiddelbar nytte for vegnettet i Møre og Romsdal.

På den annen side er vel sammenkomster som dette en del av det internasjonale samkvem og har som sådan verdi ut over det en måtte plukke opp av faglig karakter. Som førstegangsdeltager vil jeg ikke felle noen endelig dom hverken i den ene eller annen retning. Deltagelsen var imidlertid en stor opplevelse, og om en del nyttige inntrykk og informasjoner har avleiret seg et sted i bakhodet er kanskje det et bra resultat.

Ulf Myhre

Løsning på «Vegkryss nr. 3-81».



Vinnere ble:

1. Sissel Hestad, Vegkontoret, 6400 Molde
2. Jarle Øye, Årø, 6400 Molde
3. Knut Kringstad, Vegkontoret, 6400 Molde

NY KNUSEVERKS BÅT


Etter nøye overveiling og utgreiing er det no fastlagt at ein skal byggje ny knuseverksbåt i staden for «Knu-saren». Den er no så gamal og ned-slitt både skroget og utstyret at den er moden for utskifting.

Den 2. juni 1981 vart det underskrive kontrakt med Ølen Skipsindustri A/S i Hordaland om bygging av lek-ter til ny knuseverksbåt. Kontrakt-summen er på i alt kr. 3 565 000,-. Båten er 40 m lang og 12.5 m brei. Den skal leverast i jan. 1982 og skal vera ferdig til drift våren 1982.

Knuseverket blir utstyrt med ein 100 knusar som grovknusar, og ein slag-knusar som finknusar. Båt og utstyr er planlagt slik at ein kan produsere vegbyggingsmaterialer både av sprengd fjell og fra vanlege grustak.

Dersom bilete av teikninga av lekte-ren kjem fram etter trykken kan ein kanskje få eit visst syn på korleis den nye knusebåten blir sjåande ut.

Oddvar Åfløydal



STØRSTE LENGDE


BREDDE: 12,5 M

DYBDE : 2,0 M

≡ LYS ≡
Er lykteinnstillingen
i orden?



SJEKK LYSENE-
med jevne mellom-
rom!



40,0 M

Kontoret for teknisk rasjonalisering (Håndboksekretariatet) i Vegdirektoratet ønsker å informere om:

Håndbøker fra Vegdirektoratet

009 — RUNDSKRIV

Oversikt over gjeldende rundskriv fra Vegdirektoratet 7. utgave — 1981
Veiledning. 180s. A4

I denne utgave av rundskrivoversikten er det tatt med gjeldende rundskriv frem til 1. april 1981. 18 rundskriv er gjort ugyldige siden forrige oversikt.

Nr. 010 — VEGEN I LANDSKAPET (ryggstiftet i A4)

Med de krav som stilles til teknisk standard, trafiksikkerhet og rasjonell transport er vegene blitt et dominerende byggverk i landskapet. Det er derfor nå mer enn tidligere nødvendig å understreke ansvaret for landskapet og den natur som berøres av veganlegget.

Denne publikasjon tar sikte på å gi en innføring i den landskapsmessige vurdering av vegprosjektet. Formålet er å gi bakgrunnstoff og anbefalinger ved planlegging og gjennomføring av nye prosjekter.

Nr. 017 — «GEOMETRISK UTFORMING»

(Ny utgave -78)
